



Det kongelige kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep

NO-0032 Oslo

Vår ref	Dykkar ref	Arkiv	Dato
LITO 14/94 - 1		020, A20	29.01.2014

Høyringsuttale - Forslag til endring i opplæringslova og privatskolelova - Leksehjelp, frukt og grønnsaker i skule og opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker om oppaoldstillatelse

Jølster kommune har laga ei felles høyringsuttale frå grunnskulane og lokallaget i Utdanningsforbundet.

Høyringsuttalen frå Jølster kommune omhandlar 2 av punkta i forslaget til endring i opplæringslova og privatskolelova, og det er frukt og grønnsaker og leksehjelp.

Skulefrukt

Mange av elevane har godt av skulefruktordninga og det vil vere negativt for fleire at ordninga forsvinn. Det har vore uheldig at ordninga ikkje har vore for alle skular og har såleis ikkje vore eit fullgod nasjonal ordning.

Viktig at det ved endring ikkje vert slik at pengane som har gått til skulefruktordninga går ut av skulesektoren, men kjem til nytte i skuleverket.

Leksehjelp

Grunnskulane i kommunen og lokallaget i Utdanningsforbundet er positiv til ei endring i leksehjelpordninga. Dei er positive til at den vert tatt vekk frå 1. – 4. klasse og at ein kan disponere det også på 5. – 10. klasse. Det er felles forståing for både grunnskulane og lokallaget i Utdanningsforbundet at ordninga vi har i dag har fungert dårleg.

I forslaget får kommunane større handlingsrom og kan disponere timane til leksehjelp frå 1. – 10. klasse. Lokallaget i Utdanningsforbundet meiner at leksehjelp kan vere nyttig heilt opp til 10. klasse, men understrekar at ein må stille krav om fagleg kompetanse.





Det vert likevel stilt spørsmålsteikn om ordninga vil ha nytte/effekt. Klarar ein å hjelpe dei elevane som treng det ved ei slik ordning? Kunne ein fått meir nytte om midlane vart nytta til å styrke ordinær opplæring?

Det er ikkje i det nye forslaget til endring i opplæringslova og privatskolelova presisert kva kompetanse som blir kravd til dei som skal ha leksehjelp. Det er truleg mange assistentar som vil vegre seg for å ha leksehjelp på ungdomssteget. Bør det ikkje stillast krav til kompetanse?

Med helsing

Lise Toverud
Kommunalsjef
57726102

